

Retningslinjer for viltfondet i Sunnfjord kommune

1. Føremål og bakgrunn

Retningslinjene skal vere styrande for bruken av viltfondet i Sunnfjord kommune. Forskrift om kommunale viltfond mv. (FOR-2011-05-15-537) avklarar kva inntekter som skal gå til viltfondet og kva det kan brukast til. Føremålet med kommunale viltfond er å skape økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltinga i kommunen.

Fondet kan brukast til å:

- fremje viltforvalting
- auke kunnskapen om vilt
- betre jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv
- dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt
- førebygge at hjortevilt gjer skade på landbruksnæring

2. Geografisk prioritering

Tiltak som er lokalisert til Sunnfjord kommune har fyrsteprioritet. Tiltak som er av regional karakter, i Vestland, kan også verte prioritert. Tiltak av nasjonal karakter vert ikkje prioritert.

3. Prioritering av tiltakstypar

Tiltak vert prioritert i denne rekkefølge:

- I. kommunale ettersøk og handtering av skadd vilt/fallvilt
- II. betre grunneigarorganisering (viltforvalting) og bestandsplanlegging i bestandsplanområde
- III. Auka kunnskap om hjortevilt
- IV. Førebygge skade på landbruksnæring (gjeld avgrensa/spesielle produksjonar)
- V. Auka kunnskap om anna vilt

4. Prioritering av søkjarar og søknader

- Lag, organisasjonar, einskildpersonar, institusjonar, føretak og kommunar kan søkje tilskot frå viltfondet
- Søknader forankra i bestplanområde og/eller kommunale planar/strategiar (i Sunnfjord kommune) har fyrsteprioritet
- Fellesprosjekt, som fleire aktørar står bak, vert prioritert framfor prosjekt frå enkeltaktørar og -personar

5. Utlysing og krav til søknad

Søknader om tilskot vert som hovudregel handsama ein gang i året, i mai/juni. Det vert annonsert for fondet på kommunen sine eigne heimesider (på internett) og i sosiale medium. I samband med annonsering skal det opplysast om søknadsfrist som gjeld for å få søknaden handsama i det inneverande året.

Vedtak om tilskot til tiltakstypar med I., II. og III. prioritert i pkt. 3 kan gjerast fortløypande om det vert rekna som tenleg.

Søknad må innehalde:

- omtale av tiltaket/prosjektet det vert søkt støtte til
- opplysningar om kven som står bak søknaden
- budsjett og finansieringsplan for tiltaket/prosjektet

8. Tilskotssatsar

Rettleiande tilskotssatsar er:

- Inntil 100 % av kostnadane knytt til kommunale ettersøk og handtering av skadd vilt/fallvilt
- inntil 60 kr per 1000 dekar teljande areal, årleg, til bestandsplanområde i Sunnfjord kommune (til administrasjon av bestandsplanarbeid mv)
- Inntil 50 % til tiltakstypene betre grunneigarorganisering/viltforvaltning, auka kunnskap om hjortevilt og auka kunnskap om anna vilt
- Inntil 30 % av materialkostnadane til tiltak som førebygger skade, frå hjortevilt, på landbruksnæring

9. Vilkår

Standardvilkår vil vere at

- Tilskotet fell vekk dersom tiltak/prosjekt ikkje er gjennomført innan 3 år frå løyvingsdato. Det er ikkje høve til å forlenge fristen, men ein kan eventuelt søkje på nytt i konkurranse med andre søknader.
- Det er krav om skriftleg dokumentasjon, av gjennomføring, for å få betalt ut tilskot. Kva type dokumentasjon som vert kravd skal gå fram av løyvingsvedtaket.
- Når tiltak er starta opp kan inntil 50 % av tilskotet betalast ut som forskot
- Minimum 25 % av tilskot skal haldast attende til dess tiltaket er slutført og det ligg føre oppmoding om sluttutbetaling (med dokumentasjon)
- Utbetalt tilskot vil bli kravd betalt attende dersom tiltak ikkje vert gjennomført
- Dokumenter kostnad ligg til grunnlag for utbetaling av tilskot. Dersom kostnadane vert lågare enn budsjettert vert tilskotet tilsvarande avkorta.
- Dersom det vert oppdaga at tilskot er betalt ut på grunnlag av falsk dokumentasjon vert tilskot kravd betalt tilbake.

10. Administrasjon/vedtaksorgan

Vedtak om bruk av viltfondet (inkludert inndraging av tilskot/løyving) vert, som hovudregel, gjort av einingsleiar for landbruk og miljø. Vedtak vert referert i utval for samfunn, kultur og næring (SKN). Løyving til kommunale ettersøk og handtering av skadd vilt/fallvilt skjer gjennom budsjett- og økonomiplanvedtak (kommunestyret).

Retningsliner gjeld inn til ny revisjon. Retningsliner vert vedtatt (og revidert) av SKN.

11. Klagerett

Vedtak kan klagast på i samsvar med reglane i forvaltingslova kap. VI.